

Statsspråk

Bladet for godt språk i staten



Språkleg dilemma

Korleis skal utdanningsinstitusjonane vera ein del av norsk samfunnsliv og samtidig oppfylle krava om internasjonalisering?

AV SIGRID SØRUMGÅRD BOTHEIM

Universiteta og høgskulane står overfor eit stort dilemma. Dei har eit lovpålagt ansvar for å utvikle og vedlikehalde norsk fagspråk, men dei skal òg ta imot fleire internasjonale studentar og tilsette. Dét er nemleg eit politisk mål.

Noregs handelshøgskole (NHH) i Bergen har forsøkt å løyse nokre av utfordringane ved å revidere dei språkpolitiske retningslinene sine. I retningslinene står det mellom anna at fast tilsette skal meistre norsk på eit middels høgt nivå i løpet av tre år. Det står òg at norsk er hovudspråket i undervisninga på bachelorstudiet, og studentar og tilsette med ny-norsk som hovudmål skal bli oppmoda til å halde fram med det.

Astri Kamsvåg, som er tilsett ved avdeling for kommunikasjon og samfunnskontakt, var med i gruppa som arbeidde med retningslinene. Nokre av forslaga frå arbeidsgruppa skapte rabalder blant kollegaene, seier ho.

– Det var særleg to punkt det var mykje diskusjon om: kva som skal vera hovudspråk på masterstudiet, og i kva grad fast tilsette skal kunna norsk. Resultatet vart eit kompromiss. Rektor sa at vi må ha retningsliner som det er mogleg å rette seg etter, og der hadde han eit viktig poeng.

– *Korleis skal de følgje opp retningslinene?*
– Det er ikkje nok å vedta noko og legge det ut på nettet. Oppfølgingsfasen er den

Nordisk klarspråkskonferanse

Meld deg på og sjå heile programmet på isof.se/klarsprak2020.

Den 19. og 20. november blir den nordiske klarspråkskonferansen Klarspråk 2020 skipa til i Stockholm. Ein kan delta fysisk eller digitalt.

Temaet for konferansen er nye arbeidsmetodar og nye samarbeid på klarspråksfeltet.

På programmet finn vi mellom andre Jon Christian Fløysvik Nordrum og Ida Seljeseth frå Universitetet i Oslo og Silje Emilienne Aanderud-Larsen frå Nav.

Siste frist for påmelding er 5. november.



Ein må alltid sjå på heilskapen og syte for språkleg balanse.

ASTRI KAMSVÅG



viktigaste fasen. På NHH er ansvaret for å følgje opp retningslinene plasert hjå leiarane. I tildelingsbrevet fra Kunnskapsdepartementet er det fleire krav som gjeld språk, og det verkar motiverande å veta at språkarbeidet vårt er noko som departementet er oppteke av, seier Kamsvåg.

Samfunnet tener på språkarbeid

Kamsvåg meiner at ein må sjå på språkarbeidet som ein integrert del av alt anna arbeid. Dessutan har alle mykje å vinne på eit systematisk språkarbeid.

– Vi vil jo følgje lovverket. Forhåpentlegvis kan vi vera eit førebilete for andre i sektoren, sjølv om det er mykje som står att for oss òg. For kvar og ein student er det bra å få undervisning på morsmålet; forsking viser at ein lærer betre da. I siste instans vinn samfunnet på at vi forsyner arbeidslivet med arbeidstakarar som kan faget sitt på norsk.

Må hugse grunnen til at mållova finst
Som andre statlege institusjonar skal universitet og høgskular følgje mållova, noko Språkrådet fører tilsyn med kvart år. Margrethe Kvarenes, som er sjef for seksjonen for språk i skule og offentleg forvaltning i Språkrådet, seier at universitata og høgskulane enno har ein veg å gå for å oppfylle krava i lova. Ho har eit særlig hjarte for studentar som ikkje får eksamen på den målforma dei har krav på.

GODE RESSURSAR FOR SPRÅKARBEID

- Vegvisar for språkval i universitets- og høgskulesektoren inneholder råd om bruk av norsk og engelsk. Sjå vegvisaren på sprakradet.no/UH.
- Språkrådet tilbyr skreddarsydd nynorskurs. Statsorgan som ynskjer kurs, kan skrive til stat@sprakradet.no.
- E-læringskursa «Oi, på nynorsk!» og «Den gylne pennan» ligg ute på laeringsplattformen.difi.no.

– Eksamens er ein stressande situasjon. Nokre studentar må leite ekstra for å finne eksamensteksten på rett målform, andre studentar får ikkje teksten på rett målform, eller dei får ein tekst som er dårlig omsett. Da får dei dårlegare føresetnader for å skrive ein god eksamen. Bokmål og nynorsk er likestilte målformer, og mållova er der for å sørge for at innbyggjarane blir behandla likt.

Den nye språklova, som truleg blir vedteken i Stortinget i haust, kjem til å erstatte mållova. Språkrådet skal laga rettleiingsmateriell både til dei som har pliktar, og til dei som har rettar etter den nye lova. Rapporteringa kjem til å halde fram som før, men ei ny løysing skal gjera det lettare å rapportere.

– Det å følgje språklova kjem til å krevja ein innsats frå kvar enkelt institusjon. Det kjem ikkje av seg sjølv å oppfylle miljøkrav eller likestillingskrav. Slik er det med språk òg. Systematisk innsats og god planlegging gjev betre resultat enn skippertaksmetoden. Ein nøkkel her er å tilsette folk med god nynorskkompetanse, seier Kvarenes.

Må bli integrert i rapportering

Kamsvåg meiner òg det er viktig å vera medveten om språk når ein skal rekruttere nye tilsette. Vitskapleg tilsette som ikkje kan norsk godt, vil sjeldnare kunna delta i regjeringsoppnemnte ekspertutval, vera kjelder for journalistar eller utstyre studentane med norsk terminologi. Ein må alltid sjå på heilskapen og syte for språkleg balanse. Ein annan ting ein må gjera for å lykkast med språkarbeidet, er å få med leiinga, seier Kamsvåg.

– Leiinga må seia at det er viktig, elles blir det ikkje prioritert. Til dømes kan medarbeidarsamtalar innehalde spørsmål om språk. Språk bør få plass i all rapportering om kjerneverksemnda. Mellom anna bør årsrapporten inkludere tilfang om språket i utdanninga, formidlinga, forskinga og organisasjonen. Vi er ikkje i mål enno, men vi er i ferd med å finne ut kva som skal til. ●

Forvaltningsstandarder for begrepssarbeid

Standardisering er viktig i digitaliseringsarbeidet, også for språk. For å vite om data kan deles og gjenbrukes, må vi vite hvordan de ulike etatene tolker begrepene som er knyttet til dataene.

Digitaliseringsdirektoratet forvalter standarder for offentlig sektor, og flere av dem gjelder begrepssanalyse og definisjonsarbeid. *Forvaltningsstandard for begrepssbeskrivelser* forklarer hvilke elementer som hører med når offentlige virksomheter skal beskrive begrepene sine.

Termer kan brukes på tvers av flere virksomheter, og ulik forståelse av dem kan hindre datadeling. For å sikre felles forståelse må virksomhetene bli enige om felles definisjoner av begrepene (harmonisering) eller tydeliggjøre forskjellene mellom dem (differensiering). *Forvaltningsstandard for begrepsharmonisering og begrepssdifferensiering* gir oppskriften på begge deler.

Du finner forvaltningsstandardene i Referansekatologen hos Digitaliseringsdirektoratet. Ønsker du en innføring i begrepssanalyse og terminologi arbeid, kan du ta e-læringskurset «Begrip begrepene!» på laeringsplattformen.difi.no.

Talesyntese på nynorsk og bokmål

Norsk lyd- og blindeskribtbibliotek (NLB) har anskaffet to nye syntetiske stemmer. Clara leser tekst på bokmål, og Hulda leser på nynorsk. Begge kan lese studiebøker, avisar og tidsskrifter for deg. Utviklingen av syntetiske stemmer gjør litteratur mer tilgjengelig for mange.

Mens de fleste norske syntetiske stemmer snakker østnorsk, har Hulda vestnorsk tonefall. Den som låner øre til Hulda, vil neppe angre. De nye stemmene har god flyt og leser raskere enn forgjengeren, Brage. For brukere som er avhengige av talesyntese, er dette viktige egenskaper. Hør Clara og Hulda på nlb.no.

Slik er nye klarspråk.no

Nettstedet klarspråk.no gjenoppstår i ny drakt!

Etter en grundig revisjon av både innhold og utforming er nettsidene straks klare til bruk.



Søke, meny

Klarspråk.no inneholder praktiske verktøy og oppdaterte råd og tips om hvordan språket kan bli mer brukervennlig, klart og forståelig. I tillegg finner du informasjon om hvordan du kan organisere og drive et klarspråksarbeid i virksomheten din.

Målgruppa for nettstedet er ansatte i offentlig sektor, men også næringsdrivende og privatpersoner kan ha nytte av innholdet.

Dette er hovedinnholdet

Klarspråk.no inneholder både fakta og moro, arbeidsmetoder, nettkurs og eksempler til etterfølgelse.
Lurer du på

- hva klarspråk egentlig er?
- hva du må gjøre for at teksten din skal bli så klar som mulig?
- hvorfor det er så viktig å skrive klart?
- hvordan du går fram for å skrive en lov eller en forskrift?
- hvordan du drar i gang et klarspråksprosjekt?
- hvordan du overbeviser sjefen?
- hvordan du involverer brukerne?
- hvordan andre har jobbet med klarspråk?

Klarspråk.no gir svar!

Mange nyttige eksempler

Rådene på klarspråk.no er utstyrt med eksempler du kan la deg inspirere av. Tekstbasen til KS er en integrert del av nettstedet. Basen inneholder maler fra kommunenesektoren, som du fritt kan bruke i arbeidet ditt. Du kan lese hva andre virksomheter har gjort for å lykkes med språkarbeid, og du kan se eksempler på tåkete tekster. Mange av skriverådene er illustrert med tydelige eksempler på godt og mindre godt språk.

Klarspråk



Klarspråk

Si det som det er. Bruk klarspråk! Her får du vite hvordan.

→ Kom i gang
Kartlegg behovet, forankre arbeidet, velg arbeidsformer

→ Hvorfor klarspråk?
Tall, argumenter og suksesshistorier

→ Skriv klart
Generelle skriveråd og teksteeksempler

→ Språk i digitale tjenester
Råd om språk og utforming

→ Involver brukerne
Kartlegging, brukeresting og effektmåling

→ Språk i lover og forskrifter
Skriveråd og arbeidsmetoder

Fant du det du lette etter?

Redaksjonen vil gjerne høre fra deg! Om det er noe du savner på sidene, eller om du ser noe som er rart eller feil, kan du sende en e-post til klarsprak@sprakradet.no. Du kan også bruke tilbakemeldingsfunksjonen under hver artikkelside til å sende oss ris og ros.

Husk at du fremdeles kan finne nyttige rettskrivningsregler, praktisk grammatikk, avløserord og nynorsk hjelpeord på sprakradet.no.

Ver aktiv når du kan

Som regel er det best å nemme kven som gjør kva, om det ikkje er grunn til å la det vere.

Frå passiv til aktiv

- | | |
|--|---|
| <input checked="" type="checkbox"/> Søknad kan ikke sendes elektronisk. | <input checked="" type="checkbox"/> Du kan ikke sende søknaden elektronisk. |
| <input checked="" type="checkbox"/> Dette vedtaket kan påklages. | <input checked="" type="checkbox"/> Du kan klage på dette vedtaket. |
| <input checked="" type="checkbox"/> Eventuelle brudd på regelverket betyr at det må betales avgifter for kjøretøyet. | <input checked="" type="checkbox"/> Dersom du bryter reglene, må du betale avgifter for kjøretøyet. |
| <input checked="" type="checkbox"/> Det ble fra politiets side innleddet etterforskning. | <input checked="" type="checkbox"/> Politiet innleddet etterforskning. |





Klarspråk.no er et av tiltakene i samarbeidet «Klart språk i staten», som startet som et prosjekt i 2008 i regi av daværende Fornyings- og administrasjonsdepartementet (FAD).

Klarspråk.no er utviklet av KS, Digitaliseringsdirektoratet og Språkrådet.



Returadresse:
Språkrådet
Postboks 1573 Vika
0118 Oslo



SPRÅKTIPS

Språkspørsmålet

Skal *skriftstørrelse* skrives med én eller to s-er? I ordboka står det én s, men på nettet blir det flere steder skrevet med to s-er.

Svar: Ingen toleddede sammensetninger med *skrift* som førsteledd skal ha binde-s. Det heter *skriftstørrelse* akkurat som det heter *skrifftype*, *skriftfeste* og *skriftkyndig*.

Siden *størrelse* begynner på s, er det ikke mulig å høre hva som er riktig sammensetningsmåte. I slike tilfeller er det lurt å erstatte etterleddet med et som ikke begynner på s, som i de tre eksemplene ovenfor. Da gir mageføelsen ofte fasiten.

Klarspråkstipset

Setninger med innskudd

Et **innskudd** tjener ofte til å presisere eller avgrense innholdet i resten av setningen. Noen eksempler:

- 1 Sentralen skal **ved fare for akutt forurensing** varsles straks.
(Innskutt preposisjonsuttrykk.)
- 2 Arbeidsgiver skal, **så langt det er mulig**, iverksette nødvendige tiltak.
(Innskutt leddsetning som er skilt ut med komma på hver side.)
- 3 Styrets vedtak skal, **når alle klagesakene er behandlet**, meddeles presidentskapet.
(Innskutt leddsetning som er skilt ut med komma på hver side.)

Setninger av dette slaget kan være litt tunge å lese fordi innskuddene bremser flyten og bryter forbindelsen mellom setningsledd som hører sammen.

For å lette lesingen kan vi flytte innskudd mot venstre i setningen, slik at setningsledd som hører sammen (her: hjelpeverb *skal* og hovedverb *varsles/iverksette/meddeles*), kommer nærmere hverandre:

- 1 **Ved akutt forurensing** skal sentralen varsles straks.
- 2 **Så langt det er mulig**, skal arbeidsgiveren iverksette nødvendige tiltak.
- 3 **Når alle klagesakene er behandlet**, skal styrets vedtak meddeles presidentskapet.

Merk at dette først og fremst gjelder korte innskudd. Lengre innskudd bør helst flyttes til slutten av setningen. Gode norske setninger er gjerne «høyretunge», det vil si at den tunge informasjonen kommer til slutt. Leddsetningen i 3 er så lang at den kanskje hører hjemme til høyre, men sammenhengen er avgjørende: Hvis tråden i teksten er kronologisk, er det naturlig å innlede med tidfestingen.

Språkegget

– lagt av VG

Giske ikke innstilt til leder – blir trolig kvinne

Smart! Alle vet jo at vi trenger flere kvinnelige ledere.

ISO-standard for klarspråk i kjømda

Den internasjonale standardiseringsorganisasjonen ISO arbeider med å utvikle ein internasjonal klarspråksstandard som skal fungere for så mange språk som råd. Standarden bygger på den internasjonale definisjonen av klarspråk.

ISO har utnemnt ei arbeidsgruppe med 50 medlemmer frå nasjonale standardiseringsorganisasjonar i Australia, Canada, Finland, Frankrike, Tyskland, Ungarn, Japan, Korea, Luxembourg, Mexico, Sør-Afrika, Sør-Korea, Spania, Sverige, Storbritannia, USA og Noreg. Sommaren 2021 skal gruppa etter planen legge fram eit endeleg utkast til standard for ISO.



Sitatet

Det hjelper jo ikkje at han som seier noko, trur han skyt blink, når me som hører på, ikkje eingong ser blinken. **LINDA EIDE**